

Samordna opptak

BARNEHAGANE I SVEIO



Skule- og barnehagekontoret i Sveio



20.01.2021



INNHOLD

1. Informasjon om samordna opptak
2. Barnehagar i kommunen
3. Fordeling av ansvar for opptaket
4. Lovfesta rett til barnehageplass
5. Opptaksriterier
6. Søknad og informasjon
7. Innhold i søknads- og opptaksprosess
8. Oppsetring av barnehageplass
9. Arkivering

1. INFORMASJON OM SAMORDNA OPPTAK

Kommunen samordnar opptaket av barn i kommunale og private barnehagar jf. § 17 i barnehagelova. Det skal og sikrast at det vert likebehandling av kommunale og private barnehagar. Kommunen har ansvar for å sjå til at barn med prioriteringsrett blir prioritert i opptaket av alle barnehagar. Det skal søkjast om barnehageplass på heimesidene til kommunen. Offentleg servicekontor (OSK) og barnehagane kan hjelpe til med søkerad. Opplysningar om barnehagane, prisar, vedtekter m.m. finn ein på nettsida til kommunen og barnehagane sine heimesider.

2. BARNEHAGAR I KOMMUNEN

Det er tre kommunale og fem private barnehager i kommunen:



- Privat eigde:
 - Bråtveit natur- og kulturbarnehage
 - Bua kultur- og friluftsbarnehage
 - Læringsverkstedet Ekrene natur- og gårdsbarnehage
 - Espira Solkroken barnehage
 - Gjermundshaugen FUS barnehage
- Kommunalt eigde:
 - Førde barnehage
 - Sveio barnehage
 - Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage

3. FORDELING AV ANSVAR FOR OPPTAKET

Offentleg servicekontor har ansvar for at søkerprosessen fungerer godt, både i forhold til hovudopptaket, men også elles i året. Styrearane har ansvar for å gjennomføra opptaket til beste for alle søkerane. Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innanfor barnehagelova vedkomande opptak av barn i barnehage.

4. LOVFESTA RETT TIL BARNEHAGEPLOSS

Barnehagelova § 16 sikrar rett til plass i barnehage:

- Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søkerad innan fristen for hovudopptaket rett til å få plass i barnehage frå august.
- Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søkerad innan fristen for hovudopptaket rett til å få plass i barnehagen frå den månaden barnet fyller eitt år.
- Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen det er busett.
- Retten gjeld i kommunen, ikkje i ein bestemt barnehage.
- For barn med lovfesta rett til prioritet (§18 i barnehagelova), er det inga nedre aldersgrense.

Kommunen kan oppfylla retten til barnehageplass på tre måtar:

1. Barnet får første ynskje oppfylt.
2. Barnet får andre ynskje oppfylt.
3. Barnet får eit tilbod i annan barnehage, men som likevel er i samsvar med § 16.

Søkjarar som takkar nei til eit slikt tilbod, vil ikkje ha rett til å motta eit nytt tilbod frå kommunen. Søkjarar som ikkje har fått sitt fyrste ynskje oppfylt, har imidlertid rett til å bli sett på venteliste ved denne barnehagen.

5. OPPTAKSKRITERIER

5.1. Generelt

Opptak føregår heile året, etter kvart som barnehagane får ledige plassar. Søknadsfrist ved hovudopptak er **15.februar**. Dersom barnehagen ikkje kan tilby plass til alle som søker, skal opptak skje i samsvar med opptakskriteriene som er å finne i alle barnehagane sine vedtekter.

5.2. Lovpålagde kriterier for prioritet ved opptak

Kriterier	Krav til dokumentasjon	Gjev prioritet i følgjande barnehager
Barn med nedsett funksjonsevne Jf barnehagelova §18	Sakkunnig vurdering frå t.d. PPT, lege, helsestasjon.	Alle
Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd jf barnehagelova § 18.	Vedtak frå barnevernstenesta.	Alle



6. SØKNAD OG INFORMASJON

6.1. Generelt

Portal for søknad finn ein på nettstaden www.sveio.kommune.no Dei som ikkje har tilgang til internett, kan få hjelp til å fylle ut søknad i OSK på kommunehuset eller i barnehagane. Ein vil ha bruk for personnummer til både føresette og barn (11 siffer). Medsøkjar må også registrerast med personnummer om denne skal ha høve til å gjera endringar i søknaden.

6.2. Kunngjering

Hovudopptaket vert kunngjort i Vestavind og Haugesunds Avis og på nettsida til kommunen 3 veker før søknadsfrist. Ansvar OSK (offentleg servicekontor).

6.3. Annonsetekst:

"Kommunen har samordna opptak for alle barnehagane i kommunen. Det skal søkjast på elektronisk skjema , sjå www.sveio.kommune.no. Det er og høve til å ta kontakt med offentleg servicekontor eller barnehagane som kan hjelpe til med søknadsprosessen. Opptaket gjeld nye søkjarar, men også for endring av oppholdstid og byte av barnehage. Sakkunnige vurderingar skal sendast til Sveio kommune, Postboks 40, 5559 Sveio".

Søknadsfrist for barnehageplass er 15.februar.



7.0. INNHALD I SØKNADS- OG OPPTAKSPROSSESS

7.1. Søknadsprosessen

STEG I SØKNADSPROSESSEN – for nye søkerar

Alle som vil søkja barnehageplass i Sveio kommune, skal nyttja elektronisk skjema (innlogging via ID-porten). Det same gjeld om du ønskjer å bytte barnehage. Søkjarar kan kryssa av for at dei ikkje vil bli kontakta av andre barnehagar om dei ikkje får innfridd 1. eller 2.ynskje. Søkjarar som ikkje vil bli kontakta av andre barnehagar, kan risikera at dei ikkje får barnehageplass i kommunen. Søkjarar som meiner å ha registrert søknad, men ikkje har fått stadfesting på motteken søknad frå kommunen, må melda frå til OSK. Det kan ha oppstått ein feil i registreringa.

Når søknaden er registrert, vil søker få tilsendt e-post med ei stadfesting på "*Mottatt barnehagesøknad*" og ei oversikt på dei barnehagane som er prioriterte i søknaden (umiddelbart etter innsending av søknad). Søkjar vil og få e-post med "*Stadfesting av motteke barnehagesøknad*" når OSK har godkjent søknaden.

STEG I SØKNADSPROSESSEN – for endring av oppholdstid

For å søkje om å endre ein plass, må du logga inn og gjere endringa. Ein må IKKJE fylgja prosedyren for nye søknadar. Frist: 15 februar

Styrar må sjekka IST BARNEHAGE kvar veke for å oppdaterte seg på nye søknadar, om endring i oppholdstid, oppseiing av plassar m.m.

Når styrar godkjenner søknaden får dei føresette e-post om "Tilbod om endra oppholdstid". Dei føresette må logga seg inn og takke ja/nei til tilboden.

OSK skal ikkje gjøre noko med endringsmeldingane.

ANSVAR
Søkjar
OSK
ANSVAR
Søkjar Styrar
Søkjar
OSK

STEG I SØKNADSPROSESSEN – for byte av barnehage i Sveio kommune

ANSVAR

Dei som har fått sitt 1. ynskje innfridd, men som likevel vil bytte barnehage, må søkje på nytt. Frist: 15. februar

Søkjar

OPPDATERING AV VENTELISTE – for dei som ikkje fekk plass i den barnehagen dei prioriterte som nr. 1. ved forrige opptak

ANSVAR

Styrar "eig" alle søknadar der barnehagen er prioritert på 1.plass fram til dei føresette eventuelt har motteke plass i ein annan barnehage og har takka nei til å stå på venteliste.

Styrar

Styrar kontaktar sine 1. søkjarar som fekk plass i andre barnehagar ved førre hovudopptak, for å få stadfesta om dei framleis vil stå på venteliste ved neste hovudopptak.

Føresette må logge seg inn og oppdatere søknaden sin.

Frist: 15. januar.

Søkjar



7.2. Hovudopptaket

Tidsfrist	Tiltak	Ansvar
Ca 20.jan	Annonse om søknadsfrist (sjå under pkt. 5)	OSK
1. mars	Skule- og barnehagekontoret kallar inn opptaksnemda til samordningsmøte som skal avviklast om lag to veker etter søknadsfristen.	Barnehagemynde
Innan ca. 1. mars	<p>Kvar styrar har gjort ei vurdering av søknadane før samordningsmøtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barn som skal endre oppholdstid, skal sikrast plass først. • Nye barn med rett til prioritert barnehageplass skal sikrast plass i barnehage som høver. Styrar i barnehagen har eit særskilt ansvar for denne type søknadar. 	Styrarane
1. mars	<p>Styrar har klar ei førebels innstilling for inntak til sin barnehage, som vert levert til opptaksnemda. I samordningsmøte freistar ein å løysa behovet for barnehageplassar for alle som har søkt innan fristen.</p> <p>Opptaksnemda gjer opptak etter den einskilde barnehage sine opptakskriterier. Opptaksnemda varslar styrar skriftleg om kven som får tilbod om barnehageplass.</p>	Opptaksnemd
Innan ei veke etter møtet 8 dagar etter motteke e-post 5-6 veker etter søkn.frist	<p>Barnehagane sender ut "Tilbod om plass" via e-post. Alle tilboda vert sendt ut samtidig.</p> <p>Dei føresette loggar seg inn på IST barnehage og svarar på tilbodet om barnehageplass.</p> <p>Rådgjevar kallar inn opptaksnemda til nytt samordningsmøte for 2.opptak.</p> <p>Kvar styrar melder frå til rådgjevar om ledig kapasitet.</p>	Styrarane Felles mal Søkjar Rådgjevar Styrar
I opptaksprosessen gjeld:	<p>Barnehagen skal sikra at alle søknadar der ein er valt som 1.prioritet, blir forsvarleg handsama (Styrar "eig" alle søknadar der barnehagen er prioritert på 1.plass fram til dei føresette eventuelt har motteke plass i ein annan barnehage og har takka nei til å stå på venteliste):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sjå til at søker får plass ved ein av dei andre barnehagane i kommunen. Dersom førstevalet ikkje kan imøtekoma, er det styrar sitt ansvar å sørge for å gi melding om dette til styrar i barnehagen som er prioritert på 2.plass. Rådgjevar på barnehageområdet skal ha kopi om melding. 	Styrar Opptaksnemd

2. Senda ut avslagsbrev til dei søkerane som ikkje har fått barnehageplass. Avslaget skal:
 - Grunngjevest og innehalda informasjon om retten til å klaga og klagefristen (jf forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage §4, §6 og §9)
 - Informasjon om at dei vert sett på venteliste til kontinuerleg opptak

Klagefrist på avslag er tre veker etter at avslag er motteke

Søkjar

Oppaksnemda består av:

1. repr. frå kommunal barnehage
1. repr. frå Ikkje-kommunal barnehage
1. repr. frå kommunen: Barnehagemynde
1. repr. frå offentleg servicekontor (sekretær)

7.3. Kontinuerleg opptak

TID	TILTAK	ANSVAR
Innan 1.05	Når hovudopptaket er ferdig, skal kvar barnehage mælda frå til OSK om status på kapasitet med omsyn til barnehageplassar.	Styrarane
Gjennom året	OSK må på bakgrunn av meldingane frå barnehagane ha eit system som sikrar oversikt på ledige plassar i barnehagane i Sveio. OSK skal til ei kvar tid kunna opplysa søkerane om kor det eventuelt er ledige plasser.	Ansvarlege for søknad til barnehage på OSK
Gjennom året	Endring i oppholdstid: Søkerar som ønskjer å endra oppholdstida i den barnehagen ein er tildelt plass, må gjera dette elektronisk. Prosedyre for ny søknad skal ikkje følgjast for dette tiltaket.	Søkjar
Gjennom året	Endring i oppholdstid: Barnehagane må sjekka barnehageprogrammet kvar veke for å vera oppdaterte på søknadar om endring i oppholdstid, oppseining av plassar m.m. Søknad om endring i oppholdstid har prioritet framfor nye søknadar. OSK skal ikkje godkjenna søknadar om endring i oppholdstid.	Styrarane

7.4.Klagehandsaming

Ved hovudopptaket kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass eller dersom dei verken får sitt første eller andre ønske oppfylt. Ved supplerende opptak kan berre søkerar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelovas § 18 klaga dersom dei ikkje vert tilbydd plass i den aktuelle barnehagen.

Ein klage skal skriftleg grunngjenvæst og rettast til kommunen. Informasjon om klageretten vert gjort i brevet frå dei einskilde barnehagane. Kommunen skal foreta undersøkingar som klagen gir grunn til og ein skal alltid førelegga klagen for barnehageeigar.

Finn kommunen at klagaren skulle hatt tilbod om den ønska barnehageplassen, skal barnet få tilbod om første ledige plass etter at barn med prioritet etter barnehagelova § 18 har fått tilbod om plass.

Dersom kommunen ikkje tek klagen til handsaming eller ikkje gir klagaren medhald i at denne skulle vore tilbudd den ønska plassen, skal kommunen alltid senda klagen til klageinstansen. Kommunens klageorgan er klageinstans. Dersom klageinstansen finn at klagaren skulle vore tilbukt den ønska plassen, skal barnet tilbys første ledige plass etter at barn med prioritet etter barnehageloven §18 er tilbukt plass.

Klagefrist er tre veker frå søker har fått informasjon om avgjørda om barnehageplass.



8. OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

For både kommunale og private barnehagar skal oppseiinga utførast elektronisk på heimesida til kommunen.

8.1. Oppseiingsfristar for kommunale og private barnehagar

Oppseiingstida i barnehagane er å finne i vedtekten eller på heimesidene til barnehagane.



9.2. Barn som skiftar barnehage

Opplysningar om barnet kan sendast til den nye barnehagen etter avtale med føresette. Føresette må skriva under på at dei aksepterer at opplysningar om barnet blir sendt til ny barnehage.

9.4. Arkivering opplysningar om spesialpedagogisk hjelp

Kommunen har arkivansvar for alle dokument som gjeld spesialpedagogisk hjelp. Når barnet startar i skulen, skal det i samarbeid med dei føresette vurderast om mappa eller noko av innhaldet i mappa skal overførast til skulen. Dei føresette må skriva under på at dei aksepterer at dokument blir overført til skulen.

For barn med spesialpedagogisk hjelp som skiftar barnehage, må det i samarbeid med dei føresette vurderast om den nye barnehagen skal få innsyn i mappa til/opplysningar om barnet. Dei føresette må skriva under på ei samtykkeerklæring i forhold til dette.

Alle dokument for born med spesialpedagogisk hjelp skal arkiverast i samsvar med gjeldande reglar og lovverk på området.

9. ARKIVERING

9.1. Arkivering av søknadar

Alle barnehagane har tilgang til søknadane til søkerane i sin barnehage via IST BARNEHAGE (Opptaksprogrammet). OSK og rådmannen har også denne tilgangen. Dokumentasjon på tildelt plass blir arkivert elektronisk.